

VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Dato: 02.12.2025
Vår referanse: 2023/6515-9
Sakshandsamar: Erland Tveiti

35/90 - Forlenging mellombels bruksendring

Tiltak: Forlenging av mellombels bruksendring
Tiltakets adresse: Lundevegen 18, 3890 VINJE
Eigedom: 35/90
Tiltakshavar: VINJE KOMMUNE
Ansvarleg søkjar: VINJE KOMMUNE

Delegert vedtak: 235/25

Vedtak

Søknaden om forlenging av mellombels bruksendring vert godkjent

Saksutgreiing

Søknaden om mellombels bruksendring frå bustad til barnehage vart handsama i PMU-møte 27.11.205 som ei dispensasjonssak. Det vart søkt om dispensasjon frå arealføremål bustad til offentleg bygg – barnehage, og for bruksendring av bygning fram til 01.07.2028.

Det vart godkjenning i politisk møte for dette.

Tekniske krav som vart gjeve unnatak for i fyrste løyvet om bruksendring for to år, samt krava frå arbeidstilsynet den gong, vert gjeldande fram til bruksendringsløyvet gjeng ut 01.07.2028.

- Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 19760001 – Åmot sentrum.
- Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 21.11.2025. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 21.11.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) -1 med vedlegg.
- Tiltaket gjeld forlenging av mellombels bruksendring av bustad til barnehage fram til 01.07.2028.. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.
- Naboar er varsla 26.11.2025.
Det er ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søkar.
Det har heller ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

Vilkår

Om eigar av bygninga skal ta den i bruk som bustad før 01.07.2028, skal slik endring meldast til kommunen.

Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeve løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Gebyr

Gebyrkode	Antal	Beløp
30.11 Bruksendring - større endring	1	3920,00

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2025)for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato.

Faktura vert ettersendt.

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Erland Tveiti

rådgjevar byggesak

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
VINJE KOMMUNE